



Miljøverndepartementet

Vår ref:
2013/348-2

Sakshandsamar:
Jon Ødeskaug
☎ 37937534
joe@valle.kommune.no

Arkiv:
K01

Dato:
25.06.2013

Høringsuttale frå Valle kommune om endringar i forskrift for bruk av motorkøyetøy i utmark og på islagte vassdrag

Ein syner til høringsbrev datera 30. mai med høringsfrist 27. juni. Kommunen meiner dette er ein alt for kort frist.

Kommunen meiner at det ikkje skulle vere turvande med ei ny prøveordning med 40 kommunar, men når Stortinget no har bestemt det vil kommunen søkje om å få vere ein av desse.

Når det gjeld forskriftsendringane har Valle ingen merknader til adgangen for grensekommunane til å etablere tilførselsløyper til Sverige då Valle ikkje er ein slik kommune.

Utvida adgang til næringskøyting, nytt fjerde avsnitt i forskriften § 4. Dette er kommunen for, men avgrensinga på 500 meter i utmark må fjernast. For ein utmarkskommune som Valle må det bli tillat med lengre avstander. Valle har i alt 12 kartfesta løyper som fører frå bilveg og inn til ulike delar av utmarka. For at desse løypene skal kunne nyttast i næringskøyting vil det i mange tilfelle vere over 500 meter utmark frå bedrifta og til desse løypene.

Motorferdsel ved ettersøk av skada storvilt utanom ordinær jakt. Denne endringa verkar fornuftig.

Løyper til fornøyleseskøyting bør bli tillat i fleire enn prøvekommunane, då det i dei fleste kommunane finns områder som er lite problematiske i høve anna ferdsel, dyreliv mm.

Når det gjeld den foreslåtte prosess for etablering og gjennomføring av prøveordninga etter Forsøkslova, har Valle kommune ingen vesentlege merknadar.

Når det gjeld rammene for forsøket, så er Valle kommune usamd i at ein ikkje skal ha høve til å ha rekreasjonsløyper i medhald av prøveordninga i verneområde, foreslåtte verneområde og nasjonale villreinområde.

Ein vil her vise til Setesdal Austhei der store delar er definert som nasjonalt villreinområde. I dette området har reinen ein trekksyklus som fører til at reinen ikkje er i det aktuelle området i Valle kommune storparten av aktuelt tidsrom for skuterbruk. Ei tidsavgrensing av løypebruken kombinert med observasjon av villreinstamma i regi av SNO bør kunne sikre forsvarlege rammer og inne på nasjonalt villreinområde.

Med helsing

Eivind Berg
Rådmann

Jon Ødeskaug
Rådgjevar